



var den første regionen i Skottland som tok kommersielle dataspel i bruk på skulane. Dette er Strathburn Primary School i Inverurie.

på at dei som ikkje hadde prøvd spelet før, fekk mykje hjelp,» står det på første side i loggen til eit av banda, som kallar seg Life on Mars.

Lærer dei noko?

- Mange foreldre har stilt det spørsmålet. Svarer er at læringa skjer gjennom prosjekt. Dataspelet er utgangspunkt for å arbeide med meiningsfulle oppgåver, forklarer lærar Mhairi Garden.

Oppgåvene for eit rockeband handlar om musikk, design, handverk, matematikk, geografi og språk.

Prosjekt «Guitar Hero» skal vare i totalt 12 veker. Sjølv spelinga avgrensar seg til rundt 15 minutt, ein gong i veka for kvar av gruppene.

Skulen brukar også Nintendo DS i mattetimane, særleg «Professor Layton», eit spel der logikk og ma-

tematikk må til for å hjelpe professoren å løyse mysteriet.

Mhairi Garden meiner gutane i klassa har hatt særleg stor glede av dataspel på skulen.

- Mange av dei brukte å seie at dei hata skulen, at dei berre vil gå heim. Det seier dei ikkje lenger.

PÅ SAME TID SOM elevane på skulen i sentrum av Inverurie spelar rock'n roll, har dei minste barna på Strathburn Primary School i utkanten av byen *Puppy Dog Group*.

«Warning. For education use only,» «berre til utdan-

ningsbruk», står det på den store skjermen i det opne klasserommet.

- Vi har gjort greier i bøkene våre, vi har skrive ned alt dei har gjort på, forklarer seksåringen Liam.

Greier?

Jessica og Lara har svaret. Dei to jentene sit på kne på det blå teppet og stirrer på dupseditten, ein kvit Nintendo DS. Ein liten hund rører seg på skjermen. «Teikn opp ei rute,» instruerer spelet.

- Eg må vaske hunden, for han har mange lopper på seg, seier Jessica og trykkjer på skjermen.

- Vi har pengar, vi må på butikken. Og vi må ta han ut på tur, seier Lara.

>>>